




Framlegg til forskrift om vern av Indre Ulladalen naturreservat, Suldal kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjon **dato** med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit skogområde som

- a. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av rik edellauvskog med styva tre
- b. representerer ein bestemt type natur som rike edellauvskogar med store, gamle tre, gammal furuskog med gamle tre og liggande og ståande død ved.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Rogaland kommune: 9/7

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 1462 daa. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet **dato**. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l, framføring av luftleidningar, jordkablar, avløpsleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslepp av kloakk eller anna form for forureining, eller bruk av kalk, gjødsel eller kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling og deponering av avfall er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbode gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetjing av saltstein
- g. oppsetjing av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i sikteline ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt
- i. drift og vedlikehald, samt istandsetjing ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- j. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsmyndigheita.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. nødvendig motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy
- d. nødvendig motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsmyndigheita.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetjing og vedlikehald av gjerder
- e. uttak og ringbarking av utanlandske treslag, samt spreiking frå desse
- f. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4
- g. nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning
- h. nødvendig motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f og i, og § 7 bokstav d, e og f.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsmyndigheita, eller den forvaltningsmyndigheita bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsmyndigheita

Suldal kommune er forvaltningsmyndigheit etter denne forskrifta.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg

Vernekart Indre Ulladalen naturreservat: pdf-fil